

Endringar i jærmålet: ei folkelingvistisk undersøking



Universitetet
i Stavanger

Bacheloroppgåve i nordisk
Stein Erik Hauge

Innhold

Innleiing.....	4
Teori.....	4
Innleiing.....	4
Mekanismar bak dialektendring.....	4
Standardisering og regionalisering.....	5
Forklæringsmodellar.....	6
Kva er ein region?	7
Moglege årsaker til regionalisering	7
Perseptuell dialektologi.....	8
Jærmålet.....	8
Geografisk inndeling.....	8
Målmerka.....	9
Metode.....	10
Arv frå folkelingvistikken.....	10
Utføring.....	10
Spørjeskjemaet.....	11
Val av ord.....	11
Utforming	12
Behandling av data	13
Statistikk	13
Resultat.....	13
Allment.....	13
Informantar og foreldre	16
Geografisk fordeling.....	17
Analyse	19
Regional diffusjon	19
Standardisering.....	19
Språkintern forklæringsmodell	19
Kva peikar resultatata mot?	20
/jj/ > /j/ > /g/	20
/dn/ > /rn/	20
/dl/ > /ll/	20
/æ:/	20
Diskusjon.....	21
Rapportert språkbruk.....	21

Val av ord.....	21
Regional diffusjon eller ikkje?.....	22
Skriftmål	22
Konklusjon.....	22
Litteraturliste	24

Innleiing

Eg har lenge vore interessert i dialekter, og då særleg i jærmålet, dialekta på Sør-Jæren, kor eg sjølv bur. I motsetnad til mykje akademisk materiale, let dialektene seg gjerne diskutere med lek så vel som lærd. Å kunne noko om dette har difor vist seg å vere kjekt blant vener og kollegaer, rundt middagsbordet heime, og ikkje minst i klasserommet. Undersøkingar av jærmålet fall difor som eit naturleg tema til bacheloroppgåva. Reint fagleg ynskjer eg å undersøke om dialekta har utvikla seg etter tidlegare skisserte liner, samstundes som eg analyserer endringane for å avgjere moglege årsaker til desse. Vidare vil eg med denne oppgåva sjå på korleis perseptuell dialektologi kan nyttast til slike studiar, samstundes som eg forsøker å utvikle passande metodar.

Eg har her valt å undersøke fonologiske trekk, noko som skal gjerast ved spørjeundersøkingar kor informantane rapporterer om eigen språkbruk. Problemstillinga er: «I kva grad held eit utval av tradisjonelle målmerke seg i målet til yngre jærbuar?» Målmerka som skal undersøkast er differensiering av /rn/ > /dn/, palatalisering av /g/ i innlyd i bestemt form eintal av substantiv, segmentering av /ll/ > /dl/, og bruken av fonemet /æ:/. Dette vil eg nytte til å seie noko om endringar i målet, og drøfte desse i lys av ulike forklæringsmodellar, med særskild fokus på regional diffusjon. Standardisering ser ut til å vere den dominerande kjelda til påverknad på jærmålet, samstundes som det då føregår ei rural regionalisering.

Teori

Innleiing

Ettersom oppgåva er ei undersøking av dialektendringar, vil det i det følgjande verte gjeve ei innføring i teorien eg vil nytte til å analysere desse. Eg vil gje ei utgreining om ulike årsaker til at dialektene endrar seg, og drøfte korleis ulike forklæringsmodellar kan passe saman. Eg vil au ta opp fagdisiplinen perseptuell dialektologi, som undersøker haldningar og meiningar om språk blant ikkje-lingvistar. Dette fagfeltet gjev oppgåva mi viktige reiskapar til tolkinga av resultata mine. Til sist kjem ei grunnleggjande skildring av jærmålet, og ei nøgnare skildring av målmerka som skal undersøkast.

Mekanismar bak dialektendring

Tre mekanismar bak dialektendring er nivellering, geografisk diffusjon og forenkling (Mæhlum, 2002; Britain, 2010). Med nivellering meiner ein ei homogenisering av språklege varietetar. Dette skjer som følgje av at språkbrukarar i møte med andre varietetar vel bort språktrekk som vert opplevde som markerte. Til døme nyttar Mæhlum overgangen hjå ungdommar i Melhus frå infinitivar med jamvekt, *fårrå, vårrå*, til infinitivar med apokope, *fær, vær* (2002, s.70). Ein tenkjer seg då at ungdomen vel vekk dei eldre formene til fordel for former som er typiske i trondheimsålet. Ei slik bortveljing kan på sikt føre til at desse språktrekka ikkje lenger vert brukte, og slik vert dei opphavlege varietetane gjorde likare. At eit språktrekk er markert, vil seie at det markerer eit skil mellom to varietetar (Akselberg, 2008, s.164). Eit språktrekk som er markert i ein samanheng kan då vere umarkert i ein annan. Bortveljinga av markerte trekk kan tenkjast å ha bakgrunn i ulik grad av medvit. Somme unngår gjerne trekka for ikkje å verke framand eller rar, medan andre meir automatisk gjer det for å tilpasse seg kommunikasjonssituasjonen.


I følgje Kerswill (2002, s.187), er nivellering «... only possible as a process in its own right in relatively compact geographical areas, such as new towns. In other cases, levelling outcomes

(on a much larger geographical scale) can best be explained as an epiphenomenon of geographical diffusion». Rein nivellering har ein ifølgje Kerswill altså berre på mindre område, som i ein by, medan ein for større geografiske område må tale om geografisk diffusjon, som nettopp handlar om at trekk spreier seg over eit geografisk område. Denne prosessen verkar slik ei homogenisering på dialektene som er innblanda.

Spreiinga av språktrekk kan gå føre seg etter ein bølgeomodell, kor områda nærast regionsentrumet vert mest påverka, men også etter ein sprangmodell, kor mindre sentrum vert påverka i større grad enn landlege område (Kerswill, 2002, s.188). Om nivellering og geografisk diffusjon vanskeleg passar med ei dialektendring, kan ein sjå til forenkling, som skildrar ei språkintern endring. Ho dreier seg om at språkssystemet misser kategoriar, bøyingsmønster eller fonemiske opposisjonar, slik at det får ei høgare grad av regularitet (Mæhlum, 2002, s.73). Dette kan dreie seg om alle aspekt ved språket. Tydelegast synest gjerne fonologiske samanfall eller fonemiske assimilasjonar, så vel som forenkla bøyingsmønster i kategoriar som substantiv og verb. Mæhlum gjev her døme som samanfall mellom /f/ og /ç/ og endinga /a/ for substantiv i ubestemt fleirtal uansett kjønn i Nord-Noreg og Trøndelag (2002, s.73-74). Her spelar gjerne analogien, kor eit mønster vert forenkla ved å ta utgangspunkt i eit meir regulært mønster ei større rolle. Sjølv om endringa fører til eit «enklare» språkssystem, treng ikkje forenkling alltid å vere ein fordel for kommunikasjonen. Om bøyingsmønster eller fonem fell bort, kan dette til dømes føre til at ord som tidlegare vart skilde på dette vert homofone.

Standardisering og regionalisering

Standardisering og regionalisering er to liknande, men ulike utviklingsprosessar i talemålsvarietetane. Standardisering inneber ei utvikling mot ei standarddialekt, medan regionalisering vil seie ei utvikling som går mot ein regional varietet. Det skal merkast at dette fenomenet er ikkje noko nytt. Akselberg (2005, s.113-114) skildrar danninga av dei ulike nordiske språka frå urnordisk som ein regionaliseringsprosess. Påverknaden treng ikkje gå berre ein veg; tvert imot kan det gå føre seg ein vekselverknad mellom dei tre deltakande talemålsvarietetane. Dette syner figur 2 (Vannebo, 2001, s.120), kor dei tre hjørna i modellen står i uavhengige påverknadsforhold til kvarandre. Sjølv om standardisering og regionalisering ofte vert nytta til å forklare endringar i dei lokale dialektene, skal det merkast at heller ikkje regionale dialekter eller standarddialekter er faste storleikar, men kan vere omskiftelege på same vis som dei lokale dialektene (Akselberg, 2005, s.115-116). I tillegg til vertikal regionalisering med utgangspunkt i eit regionsentrum som er overordna dei lokale dialektene, kan ulike lokale dialekter påverke kvarandre langs ein horisontal akse. Dersom regionaliseringa verkar hovudsakleg langs den horisontale aksen, vert dette kalla rural regionalisering, medan det alternative tilfellet, kor regionaliseringa spring ut frå eit regionsenter, typisk ein by, vert dette kalla urban regionalisering (Akselberg, 2005, s.117). Om forholdet mellom standardisering og regionalisering skal det nemnast at standardisering også kan føre til regionalisering, ettersom dette vil kunne føre til at tidlegare ulike dialekter utviklar seg i same retning. Det er difor



Figur 1: frå Vannebo (2001)

mogleg at ei utvikling i ei dialekt fører til både standardisering og regionalisering samstundes. Som det vert diskutert seinare vil det for jørmålet vere slik at standardisering ofte vil vere ei tilnærming mot «standard austnorsk», medan regionaliseringa trekkjer i retning stavangermål, noko som stundom kan vere ei og same retning.

Om ein skal kunne nytte standardiseringsmodellen krev dette ei kort utgreiing om «standarddialekta» som inngår i denne. Det er nemleg ikkje sjølvstøgt at det finst noko standardtalemål i Noreg. Brit Mæhlum (2009) tek utgangspunkt i ein definisjon av standardtalemål som ein overregional mental standard knytt til status og funksjonalitet, og hevdar at det som vert kalla «standard austnorsk» eller «tala bokmål» har denne funksjonen i det norske språklandskapet. Mot dette skriv Helge Sandøy (2009, s.27) at dialekta Mæhlum kallar standardtalemål i røynda er ein prestisjedialekt. Lars Vikør (2009) forsøker å gjere denne diskusjonen meir oversikteleg ved å spalte omgrepet «standardtalemål» i to kategoriar. Kategori A svarar til språkbruk som ligg så tett på eit skriftspråk at han kan kallast «tala bokmål» eller «tala nynorsk». I kategori B inngår mentale storleikar som fungerer som språkleg standard hjå subjekta (Vikør, 2009, s.56). Utan å ta stilling til standardtalemålsdebatten i sin heilskap, vel eg her å nytte definisjonen åt Mæhlum, som passar med Vikør sin kategori B. Når det vidare vert tala om standardisering handlar altså dette om ein konvergens i lokale dialekter mot ei folkeleg oppfatning av det eg vel å kalle standard austnorsk. Kva deler av språkssystemet som endrar seg varier frå område til område, men dette kan i prinsippet gjelde det meste. Som det har vorte påpeikt (Akselberg, 2009, s.71-72), er definisjonen av standard austnorsk vag, men for målmerka som vert undersøkte i denne oppgåva er han skarp nok; posisjonen deira i denne varieteteten er tydeleg. Ein finn korkje differensieringa eller segmenteringa eg undersøker, medan fonemet /æ:/ har status som allofon av /e:/, stort sett føre /r/ (Jonsbråten, 2021, s.15). Palatalisering av velarar i bestemt form av substantiv finn ein heller ikkje.

Forklåringsmodellar

Korkje regionalisering eller standardisering er uproblematiske forklåringsmodellar. Ei utfordring er at «I noen tilfeller kan det dessuten være vanskelig å skille mellom regionalisering og standardisering da enkelte trekk er felles for basisdialekta og standardvarieteteten.» (Vannebo, 2001, s.123). I såkalla isomorfe crux er det gjerne umogleg å seie om eit utviklingstrekk er ei følgje av standardisering, regionalisering eller bae. Hårstad argumenterer for at språkbrukarar under regionalisering ofte vil unngå å ta opp det dei opplever som markerte trekk frå regionssentrumet, noko som gjer dette endå vanskelegare (Hårstad, 2005, s.100-101). Trass i dette held både Vannebo og Hårstad det fram som føremålstenleg å skilje mellom dei to prosessane, då dei, trass i mange likskapar, har ulike endepunkt. Det kunne au tenkjast at ein samverknad av dei to prosessane kunne føre til standardisering av ein del av språkssystemet, men regionalisering på eit anna område.

Eit anna problem er at desse modellane i nokre tilfelle kan seiast å vere unauddsynlege. Sandøy (2013, s.129) held fram viktigheita av at forklåringsmodellane ein nyttar må kunne samsvare, og at ein om mogleg bør unngå ad hoc-forklåringar. Han syner vidare korleis talemålsendringar som har mange moglege forklåringar, kan greie seg med éi naudsynleg språkekstern forklåring. Annanstad (2009, s.39ff) syner han korleis språkinterne faktorar åleine kan forklåre visse endringar i talemålet i Nordland og Trøndelag. Sjølv om einfald er ein fordel, verkar det noko lettvtint å sjå bort frå moglege påverknadskrefter berre fordi ein annan faktor kan nyttast i staden. Dorian (1993) har gjennom si undersøking av gælisk synt at

ein klår dikotomi mellom forklåringsmodellar gjerne fører til at ein ser seg blind på dikotomien, heller enn å ende opp med ei presis skildring av dei språklege tilhøva. Avhengig av situasjonen vil det gjerne vere meir føremålstenleg å snakke om ein samverknad av faktorar, som t.d. Hårstad (2005, s.101) og Mæhlum (2002, s.70-71). I alle høve syner innvendinga til Sandøy at ein, utan å sjå seg blind på ein forklåringsmodell, må greie å skilje ut den eller dei viktigaste faktorane frå settet av moglege faktorar.

Kva er ein region?

Omgrepet region fungerer som eit mellomledd mellom nasjonen som heilskap og det lokale, utan eigentleg å vere nokon definert storleik. Sandøy vel til å dømes å nytte Bergen som regionsentrum for Hordaland og Rogaland (2013), noko som kan verke urimeleg då konurbasjonen Stavanger/Sandnes burde kunne ha denne funksjonen. Akselberg (2005, s.124) skriv at regionane ein opererer med i skildringa av regionaliseringa er slike som i samfunnsvitskapane vert kalla identitetsregionar, som vanskelegare enn andre regionar kan avgrensast geografisk. I vår samanheng kan difor regionen saman med regionaliseringa sjåast på som ein prosess, heller enn som premiss for denne prosessen. Regionane me har med å gjere er ikkje strengt geografiske, «... but also social and perceptual.» (Britain, 2010, s.196). På grunn av dette føretrekk Britain termen «Supralocal», då denne ikkje har dei same geografiske konnotasjonane som «regional». Poenget er i alle fall at det i studiet av regionalisering ikkje først og fremst er avgrensinga av regionane som er det viktigaste. Det skulle difor vere heilt forsvarleg å nytte Bergen som regionsentrum for Vestlandet, om dette syner seg fruktbart. Til undersøkinga mi nyttar eg Stavanger som sentrum for ein eventuell regional diffusjon, då denne byen høver betre til å forklåre endringane eg observerer. Dette kjem eg tilbake til i kapitlet «analyse».

Moglege årsaker til regionalisering


Som moglege årsaker til regionalisering trekkjer Mæhlum (2002, s.74-75) fram auka mobilitet, urbanisering, migrasjon, auka utdanningsnivå, skifte i næringsmønster, betre kommunikasjonsnettverk og meir komplekse sosiale situasjonar. Det skal nemnast at desse også kan føre til standardisering, då dei gjeld på eit nasjonalt nivå så vel som på det regionale. Når det kjem til urbaniseringa, kan fleire faktorar forklare kvifor ho kan føre til regionalisering; Kari Anne Vold Ulset (2002) peikar på fleire av desse. For det første inneber livet i byen andre språksituasjonar enn livet på bygda. Ein hamnar gjerne i fleire slike, med menneske som i større grad er både framande og snakkar annleis, noko som legg til rette for nivellering eller diffusjon. Vidare ber det urbane sosiale livet preg av lausare sosiale nettverk. Medan tette nettverk kan bidra til å halde på dialektene, har ikkje dei lause nettverka same funksjon (Milroy og Milroy, 1992, s.5). Det skal leggjast til at denne endringa i nettverk også kan gjelde for bygdene. Det har vorte påpeikt (Hårstad, 2005, s.92; Ulset, 2002, s.108; Mæhlum, 2002, s.81) at bygda ikkje lenger gjev den same tilhøyrsla, slik at også dei som bur på bygda får noko av effekten frå urbaniseringa, utan at dei bur i ein by i eigentleg forstand. Dette kan tenkjast å spele ei viktig rolle i området eg undersøker, kor dei fleste ikkje bur særleg urbant, men likevel gjerne utan å ha tradisjonelle tette bygdenettverk. Ein kan altså seie at dei nemnde demografiske endringane, saman med eit skifte i oppleving av tilhøyrsla, i stor grad forklarar regionaliseringa.

Perseptuell dialektologi

Denne undersøkinga er hovudsakleg ei folkelingvistisk oppgåve, då eg skal drøfte dialektendringar ut frå rapporterte data. Folkelingvistik er ei grein av lingvistikken som tek utgangspunkt i haldningar og meiningar om språk hjå alminnelege språkbrukarar. Under denne paraplyterminen finn ein perseptuell dialektologi, ein disiplin som undersøker dialekter ut frå persepsjonen, eller oppfatninga, til ikkje-lingvistar. Dette dreier seg gjerne om korleis ein oppfattar ulike dialekter, eller kor ein meiner folk snakkar same dialekt. Dennis Preston, som er opphavsmann åt desse omgrepa, skriv at han ville føretrekkje «folk dialectology» føre «perceptual dialectology», om det ikkje var for at det engelske «folk» har uheldige konnotasjonar, kor dette kan verte forstått som at noko er feil (2002a, s.98). Difor ynskjer eg å nytte omgrepet «folkedialektologi» her, då «folk» på norsk ikkje skal høyre til å ha dei same konnotasjonane som på engelsk.

For å presisere måla til folkedialektologien, nyttar Preston (2002b, s.18) ei skjematisk framstilling av språklege tilhøve (Fig. 1). Her syner punktet «a» kva som vert sagt, som er det lingvistikken stort sett er mest oppteken av. Tidlegare heitte dei andre punkta «b» og «c», men Preston har modifisert desse til å heite «bn» og «b1», for å tydeleggjere at det mellom desse finst eit kontinuum, då «bn» står for reaksjonar på språk, som ikkje er gjennomtenkte, medan «b1» står for gjennomtenkte kommentarar og reaksjonar på språk.

Folkedialektologien tek i denne framstillinga sikte på å undersøkje b1. Då b1 i sin tur påverkar a, syner dette at folkedialektologien også har resultat som er av generell interesse for lingvistikken. Til dømes kan oppfatningar hjå folket om ei bestemt dialekt vere med på å forklare konvergens mot denne, eller rapportert språkbruk som ikkje stemmer med produksjon kan syne at ei form for skjult prestisje påverkar språksamfunnet. For jærmålet kunne det slik vere interessant å sjå på haldningar til nærliggjande dialekter, som til dømes stavangermålet eller oslomål, eller som eg skal gjere, undersøke haldningar til ulike uttalemønster for å skissere dialektendringar.



Figur 2: frå Preston (2002b)

Jærmålet

Geografisk inndeling

Når eg her skal undersøkje endringar i jærmålet, vel eg å nytte same definisjon av Jæren som Jonsbråten (2021, s.3), altså kommunane Klepp, Time og Hå. Dette er området som vanlegvis vert kalla Sør-Jæren. Denne definisjonen tykkjest grei, då han som Jonsbråten skriv stemmer godt med den folkelege oppfatninga av området.

Dialekta høyrer til under det sørvestlandske a-målet, kor infinitivsformer og linne hokjønnsord får endinga /a/ i ubunden form, t.d. *å henta ei jenta*. Ein skil då heller ikkje mellom linne og sterke hokjønnsord i bunden form, noko som skil målet frå det som vert tala sønnanfor, i Dalane, kor dette skilet vert halde. Jærmål har *jentå står i dørå*, medan Dalane har *jentå står i døre*. Substantiva sine fleirtalsformer har ikkje /r/ i utlyd, noko som skil jærmålet frå målet i Stavanger. Stavanger har *jentår, seuår*, medan jærmålet har *jente, saoe*. Vidare skil desse seg med di jærmålet har omlyd i presens av sterke verb, t.d. heiter det *såve*,

kåmme i Stavanger, medan formene vert *søve*, *kjæme* på jærmål. Desse har au bortfall av /r/ i utlyd. Elles er lenisering av /p, t, k/ > /b, d, g/ etter lang vokal, og dessutan utviklinga /ll/ > /dl/ og /rn, vn/ > /dn, bn/ typisk for dialekta. Formene *soba*, *båd*, *kaga*, *kjedlar*, *badn*, *nabn* er døme på desse overgangane. Her skal au nemnast svarabhaktivokal i adjektiv og sterke verb i presens, t.d. *sterke*, *snille* og *springe*, *finne*. I tillegg til det tidlegare nemnde lange /æ:/-fonemet, i former som *hæl*, *æg*, er au uttalen av diftongane ei, au, øy karakteristisk for jærmålet, då desse har hatt uttalen [ai, au, øy]. Medan ein elles i området ville kunne få uttalen *sæi*, *seu*, *høy*, vil ein altså i jærmålet kunne få uttalen *sai*, *sau*, *høy*.

Målmerka

/l:/ > /dl/

For brorparten av a-målet, forutan Vest-Agder, er norrøn /l:/ segmentert til /dl/. Sønnanfor Boknafjorden fører ikkje dette til vokal-lenging (Sandvik, 1979, s.175). Døme på dette er *ådl* og *adle*. Her fylgjer [dl] høvesvis en kort [ɔ] og [ɑ]. Desse står i motsetnad til mål utan segmentering, der ein finn *alle* /al:e/.

/rn/ > /dn/

Differensiering av /rn/ > /dn/ er au eit allment drag i området med a-mål, vel å merke etter kort vokal. Overgangen finn au stad etter lang vokal, men dette tilfellet er meir avgrensa geografisk; dette gjeld for Nord-og Sør-Jæren, delar av Ryfylke, Voss, Hardanger og Sunnhordaland (Skjekkeland, 2005, s.175). Sandvik (1979, s.75-76) hevdar at segmentering og differensiering av konsonantsamband er på veg ut blant dei yngre språkbrukarane, slik at formene går attende til opphava sine. I ei nyare undersøking har Salte (2022) sett på bruken av differensierte og segmenterte former i brynemålet. Her var resultatet at dei eldre formene (uttale med [dl] og [rn]) knapt var i bruk blant informantane (Salte, 2022, s.62-64). Døme: *bjudn*, *hudna*

/g/ > /j/

Palatalisering av velarar i innlyd finn ein i varierende grad i alle delar av landet (Skjekkeland, 2005, s.71.72). I det vestlandske målområdet gjeld dette med unnatak av Nordre Sunnhordaland og Indre og Midtre Sogn. I følgje Skjekkeland er målmerket på allmenn basis på veg ut. Denne palataliseringa har i jærmålet gjeve affrikatar som resultat, noko ein finn i eldre jærmål, medan ein i yngre jærmål finn den frikative uttalen /j/, eller velar uttale. (Sandvik, 1979, s. 64). Døme: *skojen*, *tajet*

/æ:/

I følgje Skjekkeland (2005, s.174) skil ein mellom fonema lang /e:/ og lang /æ:/ på mykje av det sørvestlandske området. Sandvik (1979, s.50-51) syner at dette målmerket har kjerneområdet sitt på Jæren, medan Gjesdal og dei sørlege delane av Sandnes og Sola, så vel som Dalane truleg òg har dette fonemskiljet, vel å merke i 1979. Sandvik (1979, s.51) skriv vidare at fonemet står sterkt også blant yngre språkbrukarar, men både han og Jonsbråten syner til forskning som hevdar at /æ:/ og /e:/ på sikt vil falle saman også på Jæren. I undersøkinga si av brynemål frå 2021, hevdar au Jonsbråten at skilnaden mellom /e:/ og /æ:/ har vorte svakare. Dette ser ut til å stemme med resultatata til Salte (2022). I undersøkinga hans vart mange former med /æ:/ brukte, men ein av dei fire informantane nytta au /e:/ i mange former kor eit eldre jærmål ville ha nytta /æ:/. Døme: *træning*, *stæla*

Metode

I dette kapittelet kjem først ei stutt utgreiing om bakgrunnen til folkelingvistikken. Vidare forklårar eg korleis forsøket vart utført, og korleis spørjeskjemaet vart tilverka. Deretter klargjer eg kva val eg har gjort under analysen av materialet, før eg gjer greie for dei statistiske reiskapane eg nyttar til analysen.

Arv frå folkelingvistikken

I utviklinga av folkedialektologien står Preston med sitt arbeid frå 80-talet og utover som nybrottsmann. Det skal likevel merkast at fagfeltet har nemneverdige forgjengarar både i Nederland og Japan (Montgomery og Cramer, 2016, s.9). I Nederland, på 1940-talet nytta Weijnen ein metode kalla «lita pil», kor informantane teiknar piler på eit kart for å markere kvar dei meiner det vert snakka likt. Datamaterialet vart så nytta til å teikne kart, med såkalla persepsjonsområde, kor språkbrukarane oppfattar ei meir eller mindre heilskapleg dialekt. Tiåret etter, i Japan vart det au teikna kart, men her vart ikkje desse teikna på grunnlag av likskap mellom dialekter. Her tok Sibata og Grootaers utgangspunkt i kvar informantane meinte ein snakka forskjellig, og brukte samanfallande svar til å gruppere område i «subjektive språkfelleskap».

Arbeidet med kart er ein ynda metode innanfor folkedialektologien. Montgomery og Cramer seier om oppgåva «teikn eit kart» at ho «is perhaps the best known of all the methods of Perceptual Dialectology» (2016, s.11). Her får informanten eit tomt kart, kor han vert beden om å fylle ut språkopplysingar i den geografiske ramma. Ein kan då arbeide ut frå ulike spørsmål, som dei Weijnen brukte på 40-talet, eller som i arbeidet til Preston (2002a, s.69), kor informantane vart bedne om å føre opp kvar på kartet dei meiner det finst dialekter. Andre typiske metodar er utspørjing kring haldningar til ulike dialekter, kor informantane skal rangere dialekter på dikotomiar som «stygg-fin» eller «kald-venleg» (Preston, 2002a, s.84), og analysar av intervju (Preston, 2002b, s.15-16).

Eg ser metoden min som ei utvikling av den klassiske metodologien åt fagdisiplinen, då han føyer seg inn i rekkja av testar som søker å avgjere grad av likskap. Dette handlar ofte om å avgjere korleis språkbrukarar oppfattar tilhøvet mellom to geografisk skilde dialekter, som i nybrottsarbeidet frå Nederland. I undersøkinga mi handlar det derimot om korleis språkbrukarane opplever tilhøvet mellom geografiske like, men temporalt skilde dialekter, av di eg her bed informantane samanlikna sitt eige mål med eldre jærmål og hypotetiske former frå eit yngre jærmål.

Utføring

Datainnsamlinga vart utført ved ein ungdomsskule på Nærbø, i klasserom, med éi klasse om gongen. Kvar elev fekk eit skjema, kor denne skulle setje kryss. Først vart deltakarane bedne om å føre på bustaden sin. Eg las opp orda i første kolonne etter uttalen markert på leiarskjemaet (figur 3), og bad elevane tenkje etter om dei sjølv seier ordet slik, og setje kryss for anten «aldri/sjeldan», «av og til» eller «ofte/alltid». Vidare vart dei bedne om å setje kryss etter som dei trudde at mor eller far kunne sagt ordet slik. Deltakarskjemaet er likt leiarskjemaet, berre utan den første kolonnen. Deltakarane vart opplyste om at dette ikkje var nokon prøve, slik at det ikkje fanst rette og galne svar, men at det eg var ute etter var korleis dei oppfattar språket kring seg. Elevane vart ikkje bedne om personopplysingar.

Bustad: _____

(uttale)	Ord	Dette ordet seier eg slik			Eg trur mor eller far kunne sagt det slik	
		Aldri/sjeldan	Av og til	Ofte/alltid	Ja	Nei
[sli:ten]	Sliten					
[la:je]	Laget					
[je:ra]	Skjera					
[bu:jo:]	Boka					
[svæ:æc]	Svær					
[jedna]	Gjerne					
[kuon]	Kom					
[ete]	Etter					
[fjedl]	Fjell					
[ba:dn]	Barn					
[ka:ke]	Kake					
[le:ge]	Lege					
[plæ:n]	Plen					
[ta:ge]	Taket					
[stu:dl]	Stol					
[pepeɐ]	Pepar					
[sa:jo:]	Saga					
[adle]	Alle					
[stela]	Stella					
[jedn]	Jern					

Figur 3: Leiarskjemaet

Spørjeskjemaet

Val av ord

Eg har prøvd å velje ord som både skil seg i frekvens og dialektalt særpreg. Eg har au prøvd å velje ord som det ikkje ville vere naturleg å uttale på stort meir enn to måtar: med målmerket eg ser etter, eller utan. Representasjonen til dei ulike målmerka i spørjeskjemaet vert samanfatta i tabell 1.

For målmerket palatalisering av /g/ har eg valt fire ord som stiller rimeleg likt både i frekvens og særpreg. Dette då eg her undersøker tre målmerke (affrikat, frikativ og plosiv uttale) og ikkje to, og då undersøkinga her gjeld substantiv i bestemt form, vert typiske høgfrekvente ord som pronomen og adverb utelukka. Forma med affrikat uttale er eigentleg teken med mest for å bekrefte at denne ikkje lenger er i bruk.

Når det gjeld differensiering av /rn/, har eg valt ordet «gjerne», som med uttalen [jedna] må seiast å ha høg grad av dialektalt særpreg, då den jørske forma har ein noko annan modalitet enn forma utan differensiering, då [jedna] vert oppfatta som «kanskje». Eg har valt dette ordet då det kan tenkjast at målmerket held seg betre her grunna dette særpreget. Vidare har «barn» ein frekvens i målet som gjer det interessant å undersøkje. Stort sett vert ordet «unge» nytta i staden, men ein finn likevel ordet i mange samansetjingar, som «barneskule» og «barnelag». Om «korn» og «jern» er det lite å merke.

For målmerket /æ:/ har eg valt ordet «plen», då Eirik Ueland undersøkte ordet og fann at uttale med [æ:] var på veg ut (Jonsbråten, 2021, s.14). Eg tykkjer difor det kunne vere

spanande å sjå korleis undersøkingane mine kunne passe med dette. «Svær» og «Skjere» har eg valt då desse vert uttala med [æ:] i standard austnorsk. Det vert då mogleg å sjå om ein eventuell overgang frå lang til kort /æ/ fylgjer stavangerdialekta eller standard austnorsk. Då «svær» vert uttala /svæ:re/, altså med svarabhaktivokal, kan dette føre til eit feilforhold, då deltakarar som seier /svæ:r/ vil krysse for «aldri» på dette ordet. Truleg gjeld dette så få at det ikkje vert eit problem. For «skjere» er ikkje infinitivsendinga eit problem, då forma som vert lesen opp er på stavangerdialekt, slik at ein vil kunne krysse «aldri», anten ein seier /fæ:ra/ eller /fæ:re/.

Til undersøkinga om segmentering av /ll/ har eg valt orda «stol» og «fjell», då båe desse kan ha målmerket i utlyd, men truleg har noko ulik frekvens. Vidare har «alle» blitt valt på grunn av den høge frekvensen sin. Eg har valt «stella» då dette på Jæren vert brukt om å gå i fjosen, og difor har eit dialektalt særpreg som kan tenkjast å ta vare på den eldre uttalen. Her kan infinitivsendinga igjen vere problematisk, men då forma [stele] truleg er sjeldan, trur eg ikkje at det vert eit problem.

Tabell 1. Oversikt over trekk i spørjeskjemaet.


Språktrekk	Tal på ord
/g/ i innlyd	2
/g/ > /j/ i innlyd	1
/g/ > /jj/ i innlyd	1
/rn/	1
/rn/ > /dn/	3
/æ:/	2
/e:/	2
/ll/	1
/ll/ > /dl/	3
Distraksjonar	4
Sum	20

Utforming

Spørjeskjemaet har vorte utforma med eit mål om at deltakarane ikkje skal sjå noko mønster i det. Ei slik forståing ville kunne føre til at ein ville svare med utgangspunkt i mønsteret, snarare enn etter korleis ein trur ein seier ordet som vert lese opp. For at deltakarane ikkje lett skulle kunne sjå noko mønster, har eg lagt til nokre distraksjonar, ord som ikkje er relevante for undersøkinga og som ikkje inneheld merke på jærmål. I tillegg til desse har eg valt å undersøke dei fire målmerka mine både ved å spørje etter former som er typiske for eldre jærmål, men også ved å spørje etter former med yngre uttale. Då vert det ikkje slik at alle orda som vert lesne opp er typiske jærske former, noko som er med på å forhindre mønsterdanning i skjemaet. Til sist har orda vorte stokka om, slik at det er meir eller mindre tilfeldig kva rekkjefølgje orda vert lesne opp i. Alle orda er skrivne på nynorsk.

Behandling av data

Når det kjem til behandling av data har eg måtta gjere nokre val. Når ein informant har kryssa mellom to ruter for eigen uttale, har eg justert krysset til «av og til». Dette då uvissa eit slikt kryss må vise til passar greitt i denne kategorien. For foreldrerubrikken har eg registrert svaret som manglande, då korkje ei justering til «ja» eller «nei» verkar forsvarleg. Svar på spørsmålet om bustad har au vorte justerte. Småplasser som «Njærheim» og «Aarsland» har vorte justerte til næraste tettstad. Dette har stort sett vorte gjort med omsyn på skulekrinsar. Unnataket er «Kåsen», som har vorte registrert som «Bryne», då desse to tettstadene heng tett saman. Småbygder utanfor Bryne har blitt samanfatta til «Time», då Bryne tydeleg står hierarkisk over desse. Ein informant svara «Sandnes», og vart difor ikkje inkludert i datamaterialet, då dialekta her ikkje inngår i området eg undersøker. Områda som er inkluderte er då, med tal på informantar i parentes: Nærbø (70), Varhaug (21), Vigrestad (18), «Time» (9), Bryne (9), Klepp (7), Ognå (2) og Brusand (1), sjå figur 4.



Figur 4: kart over området, henta frå google maps

Statistikk

Til analysen av datamaterialet nyttar eg i hovudsak ein kjikvadrattest. Denne gjev eit mål på kor stort sannsynet er for at fordelinga av data i ein tabell er tilfeldig. Nullhypotesen er då for alle tilfelle at fordelinga i tabellane er tilfeldig, som medfører at den valde parameteren i lita grad forklårar spreinga. Eg held meg til signifikansnivå $\alpha=0,95$ og då eg fører opp p-verdien til kjikvadrattestane, vil dette seie at verdiar mindre eller lik 0,05 vil verte tolka slik at fordelinga ikkje er tilfeldig. Kjikvadrattesten kan vere unøyaktig dersom nokre av felta i tabellen under nullhypotesen har forventningsverdi mindre eller lik 5. I slike tilfelle har eg difor nytta ein simulert fishertest i tillegg, slik at det vert synleg om kjikvadrattesten skulle vere dårleg. I tilfelle kor fishertesten gjev signifikante resultat medan kjikvadrattesten ikkje gjev det, vert resultateta frå fishertesten oppgjevne. For tabellar i formatet 2*2 vert kontinuitetskorrigeringa til Yates nytta.

Resultat

Allment

I grove trekk vert undersøkinga samanfatta i tabell 2. Orda som har yngre uttale står i kursiv i tabellen. Under N/A går manglande og vanskeleg forståelege svar, så vel som kryss mellom rutene for kategorien «foreldre». Fleire resultat gjer seg synlege i tabellen.

Tabell 2. Resultat frå spørjeundersøkinga.

Ord	Uttale	Informant					Foreldre			
		N/A	Aldri/sjeldan	Av og til	Ofte/alltid	Sum	N/A	Ja	Nei	Sum
Laget	[la:je]	0	87	39	11	137	7	32	98	137
Saga	[sa:jo]	0	111	18	8	137	8	29	100	137
Boka	[bu:jo]	1	127	8	1	137	10	10	117	137
Taket	[ta:ge]	0	4	12	121	137	7	115	15	137

Svær	[svæ:ɐe]	1	6	46	84	137	12	107	18	137
Plen	[plæ:n]	1	63	29	44	137	10	65	62	137
Skjera	[ʃe:ɐa]	1	124	11	1	137	7	29	101	137
Lege	[le:ge]	2	53	29	53	137	8	90	39	137
Gjerne	[jedna]	2	29	35	71	137	15	76	46	137
Barn	[ba:dn]	0	109	18	10	137	9	32	96	137
Jern	[jedn]	0	68	27	42	137	7	62	68	137
Korn	[kuɐn]	3	53	38	43	137	13	84	40	137
Fjell	[fjedl]	0	64	52	21	137	10	59	68	137
Stol	[stu:dl]	0	121	12	4	137	10	14	113	137
Alle	[adle]	0	25	29	83	137	11	77	49	137
Stelle	[stela]	2	86	35	14	137	10	55	72	137

Former med stor grad av semje

Fire former markerer seg ved at dei fleste av deltakarane rapporterer lik bruk av desse. Mindre enn 10% av informantane rapporterer nemneverdig bruk av *boka* uttala med palatal affrikat og *skjera* med /e:/-fonemet, og så godt som alle desse rapporterer bruk «av og til». Framleis på eit nivå under 12% finn me bruk av *stol* med segmentering og *taket* utan /g/. Rapporteringa av formene hjå foreldra er tilsvarande, med unntak av *skjera*, som vert rapportert noko høgare hjå foreldra. Framover vil desse verte omtala som «semjeformer», då informantane er meir eller mindre samde om korleis dei skal uttalast.

Palatalisering av /g/ i bøyning av substantiv

Den affrikate uttalen ser ut til å vere så godt som ute av ungdomsspråket. Her er det nok heller ikkje utenkjeleg at det er ei viss overrapportering. Rapporteringa av formene syner i alle høve at forma framleis er ein del av det dialektale medvitet til informantane. For resten av ordformene går rapporteringa tydeleg i favør av velar uttale, men uttale med palatal frikativ vert tydeleg rapportert. Her kan det sjå ut til at utviklinga går i retninga Sandøy (1979, s.66) skildrar, utan at denne kan seiast å vere i mål. Vidare skal det merkast at medan 50 melder om palatal uttale i *laget*, og 26 i *saga*, melder berre 16 om annan bruk enn «ofte/alltid» for velar uttale i *taket*. Palatal i *laget* kan tenkjast å vere styrka av faste samansetjingar som «handelslaget» og «ungdomslaget», noko som er eit mogleg forskingsspørsmål eg ikkje går inn på her. Eg kan ikkje sjå nokon nemneverdig grunn til at *saga* og *taket* skulle uttalast forskjellig (om ein reknar med lenisering). For rapportert uttale av *taket* må ein rekne med at nokon av informantane som ikkje alltid nyttar /g/, nyttar /k/. Då ser det ut til å vere eit tydeleg misforhold mellom rapporteringa for *laget* og *saga* stilt opp mot *taket*. Det ser nemleg ut til at fleire av informantane ikkje oppfattar nokon konflikt mellom velar og palatal uttale. Kanskje kan dette vere fordi denne kjem i skuggen av ei tydelegare konflikt mellom stemd og ustemd velar. Det kan au tenkjast at desse språkbrukarane er på eit mellomsteg, kor dei opplever bae former som sine egne. Dette kunne vorte teke opp i vidare forskning, kor ein au kunne sett på om dei ulike formene vert nytta i ulike samanhengar, eller om det skjer ei meir tilfeldig erosjon av palataliseringa.

/æ:/-fonemet

For ordformene med det aktuelle fonemet føre /r/, ser det ut til at /æ:/ held seg. Relativt mange har rapportert om bruk av [svæ:ɐe] berre av og til. Her er moglege feilkjelder svarabhaktivokalen og /r/-fonemet, men dette burde ikkje gjelde for så mange som 34% av informantane. Det kan au tenkjast at lekset i mindre grad vert brukt av aldersgruppa, då

gjerne til fordel for *stor*, som igjen kan føre til at forma verkar framand også for informantar som har ei dialekt ho passar med. Sjølv sagt kan det også vere at fleire rett og slett ville ha sagt [sve:æ]. For /e:/ føre /r/, ser funna mine ut til å stemme med funna til Jonsbråten. Ho skriv at «Dersom vokalen i tradisjonell form samsvarer med det østnorske mønsteret med /æ/ før /ʁ/ er det få eller ingen innslag av ny form.» (Jonsbråten, 2021, s.69)

I følge den rapporterte bruken av *lege* og *plen*, er både uttale med /e:/ og /æ:/ vanleg i området. Merk likevel at rapporteringa om bruk er høgare enn rapporteringa om ikkje-bruk for begge orda. Då det her ikkje skulle høyre til å vere ulike fonologiske grunnlag for nokon av fonema i desse to orda, kan dette peike mot at ein del av informantane er på eit mellomsteg, kor dei kjenner seg att i båe formene, jamfør diskusjonen om kontrast mellom /j/ og /g/ ovanfor. Det skal merkast at 44 informantar rapporterer om bruk av uttalen /plæ:n/ ofte eller alltid, trass i at Ueland i 1975 skreiv at vokalrealiseringa var endra frå /æ:/ til /e:/ i dette ordet. Dette kan tyde på at trekket held seg betre enn ein har trudd.

Differensiering av /rn/ > /dn/

Når det kjem til /dn/ skil *barn* seg tydeleg ut. Samanlikna med dei andre ordformene med /rn/ eller /dn/, verkar det tydeleg at denne uttalen er på veg ut. Det kan ha ein samanheng med at forma *unge* vert nytta i staden, slik at *barn* berre vert nytta i samansetjingar. Vidare er det då tenkjeleg at dette ordet misser det dialektale særpreget. Om dette faktisk er tilfelle er vanskeleg å seie, så her kunne det gjerne vore forska vidare. Elles er fordelinga på bruk og ikkje-bruk rimeleg jamn. For *korn* kan igjen realisering av /r/ vere ei feilkjelde, men dette trur eg er eit marginalt problem. For bruk av *gjerne* med /dn/ er rapporteringa noko skeivare, noko som gjerne kan ha samanheng med graden av leksikalisering (nokre av informantane braut då *gjerne* vart uttala ut at: «Det tyder jo ikkje det same!»). Alt i alt ser målmerket ut til å ha eit greitt fotfeste i dialekta, sjølv om mange ikkje nyttar det.

Differensiering av /ll/ > /dl/

Med unnatak av forma *stol* med /dl/, som synest å oppfattast som meir eller mindre arkaisk, ser /dl/ ut til å halde seg rimeleg godt i dialekta. *Fjell* har ei nokså jamn fordeling på bruk og ikkje-bruk, medan ein tydeleg brorpart nyttar differensiert former for *alle* og *stella*. *Alle* har gjerne denne posisjonen på grunn av frekvensen sin, medan *stella* kan seiast å ha eit dialektalt særpreg, då dette vert nytta om arbeid i fjosen (å nytte pene former om gardsarbeid har noko sjølvmotsigande i seg).

Oppsummering

I tabell 2 vert bruken av dei eldre formene stilte opp ved sida av kvarande. Her vert *stol* og *barn* utelatne då dei ikkje ser ut til å passe inn i mønstera åt målmerka. P-verdi til kjikvadrattesten syner at forskjellane i fordelinga av svar på dei fire ulike målmerka er statistisk signifikant. At palatalisering av velarar i bøyning av substantiv skil seg ut er openbert, men også utan dette målmerket er det statistisk signifikant skilnad. Tabell 4 syner p-verdi for kjikvadrattest dei ulike kolonnane imellom. Statistisk signifikante resultat er markerte med feit skrift. Informantane rapporterer altså at /æ:/ tydeleg står sterkare enn /dn/, og om me godtek signifikansnivå $\alpha=0,90$, også sterkare enn /dl/. Her må det merkast at konkurransen nok ikkje er heilt rettferdig, då former med /e:/ føre /r/ truleg vert oppfatta som meir framande enn former med /rn/ og /ll/, jamfør rapporteringa av *skjera*. For å samanfatta dataa som har vorte undersøkte her kan ein seie at palatalisering av velarar i bøyning av substantiv i bestemt form tydeleg ikkje lenger er særleg vanleg. Fonemet /æ:/ og differensiering av /ll/ > /dl/ og

/rn/ > /dn/ vert tydeleg utfordra, men er framleis tydeleg til stades hjå mange språkbrukarar. /æ:/ kan sjå ut til å halde seg noko betre enn dei to andre.

Tabell 3. Deltakarane sin rapporterte bruk av dei ulike målmerka.

	/j/	/æ:/	/dn/	/dl/
Aldri	198	69 (25,4%)	97 (35,7%)	89 (32,5%)
Av og til	57	75 (27,6%)	62 (22,8%)	81 (29,6%)
Ofte	19	128 (47,1%)	113 (41,5%)	104 (38,0%)
P-verdi	kjikvd.test	0,0		
Utan /j/	kjikvd.test	0,04		

Tabell 4. P-verdi for kjikvadrattest mellom dei ulike kolonnene.

	/æ:/	/dn/	/dl/
/æ:/			
/dn/	0,03*		
/dl/	0,07	0,20	

Informantar og foreldre

Tabell 5 og 6 syner bruken til informantane av yngre og eldre former, målt opp mot kva dei har rapportert om desse formene for foreldra. Kjikvadrattesten syner at forskjellane i fordelinga er statistisk signifikante i båe tabellane. At informantane rapporterer at foreldra nyttar yngre former hyppigare enn dei gjer sjølv er inga overrasking. Då spørsmålet på spørjeskjemaet er om informanten trur at minst ein av foreldra kunne ha uttala ordet slik, tyder dette at informantar med foreldre som talar ulike dialekter fort vil måtte setje mange ja i rubrikken for foreldre. Dette kunne det gjerne vore forska vidare på, og då gjerne au i kva grad språkbrukarar med foreldre som talar ulike dialekter tek til seg den lokale dialekta. Det som er overraskande er at det også vert rapportert om meir bruk av eldre former hjå informantane enn dei rapporterer for foreldra. Det skulle då tyde på at faktorar som migrasjon ikkje berre verkar avslipande på den lokale dialekta, men at det lokale dialektsamfunnet også verkar ei viss integrering på dei som ikkje lærer dialekta heime.

Fordelt på dei ulike områda er det få statistisk signifikante forskjellar mellom informantar og foreldre. Her skil Nærbø seg ut, med ein kjikvadrattest med p-verdi lik 0 (tabell 7). Ei vidare undersøking (tabell 8) om kor vidt det er særskilde ord som skil seg ut, gjev resultat for tre ordformer. Desse tre orda er *svær*, *gjerner* og *alle*. Bryne synte ein liknande samanheng mellom informantar og foreldre, men her skilde ingen ordformer seg ut. Desse resultatane kan tyde på at /æ:/-fonemet står sterkt føre /r/, så vel som at frekvens og dialektalt særpreg kan vere med på å konservere ulike målmerke som står under press.

Tabell 5. Bruk av yngre former hjå informantane.

	Informantar	Foreldre
Ja	357 (52,7%)	373 (58,3%)
Nei	320 (47,3%)	267 (41,7%)
p-verdi	kjikvd.test	0,05*

Tabell 6. Bruk av eldre former hjå informantane.

	Informantar	Foreldre
Ja	692 (46,1%)	563 (40,3%)
Nei	810 (53,9%)	835 (60,7%)
p-verdi	kjikvd.test	0,00*

Tabell 7. Bruk av eldre former rapportert av informantar busette på Nærbø.

	Informantar	Foreldre
Ja	345 (49,4%)	273 (37,5%)
Nei	353 (50,6%)	455 (62,5%)
p-verdi	kjikvd.test	0,00*

Tabell 8. Bruk av eldre former kvar for seg, rapportert av informantar busette på Nærbø.

	Informant		Foreldre	
	Ja	Nei	Ja	Nei
Laget	28	42	21	44
P-verdi		0,45		
Boka	3	67	3	65
P-verdi		1		
Svær	68	2	56	8
P-verdi		Fishertest: 0,05*		
Gjerne	54	14	37	27
P-verdi		0,01*		
Fjell	38	32	28	38
P-verdi		0,23		
Barn	12	58	16	50
P-verdi		0,42		
Plen	39	31	32	34
P-verdi		0,50		
Stol	7	63	6	62
P-verdi		0,21		
Saga	15	55	14	54
P-verdi		1		
Alle	57	13	35	30
P-verdi		0,00*		
Jern	27	43	25	43
P-verdi		0,97		

Geografisk fordeling

Til sist vil eg sjå på om statistikken syner nokon samanheng mellom bustad og språkbruk. Fordelt på dei seks ulike områda, syner ikkje den heilskaplege undersøkinga nokon slik samanheng, korkje når det gjeld yngre eller eldre former, heller ikkje om ein ser utelukkande på områda med best datagrunnlag. Det same gjeld om ein ser på målmerka kvar for seg. Om ein ser bort frå det eg har kalla semjeformer, som må seiast å vatne ut eventuelle forskjellar,

vert biletet noko annleis (tabell 9). I tabell 10 vert p-verdiar for kjikvadrattest mellom dei ulike kolonnane synt. Her er det særleg to område som gjev mange signifikante resultat. Varhaug skil seg tydeleg frå Vigrestad og Klepp, samstundes som Time skil seg tydeleg frå Vigrestad, Bryne og Klepp. Her synest skilnaden mellom Varhaug og Vigrestad å vere best fundert i datamaterialet då begge desse stadene er representerte med meir enn 15 informantar (Time, Bryne og Klepp har alle <10).

For dei yngre formene sett under eitt finst det tilsynelatande ikkje nokon liknande trend. For eitt av målmerka, /e:/ i *lege*, finn ein den same trenden som for dei eldre målmerka (tabell 11 og 12). Også her er det eit tydeleg skilnad på Varhaug og Vigrestad.

Tabell 9. Bruk av eldre former fordelt på bustad (utan «boka» og «stol»).

	Vigrestad	Varhaug	Nærbø	Time	Bryne	Klepp
Ofte	42	67	189	30	19	12
Av og til	34	46	146	23	20	15
Sjeldan	68	54	223	18	33	30
p-verdi		kjikvd.test	0,02*			

Tabell 10. P-verdi for kjikvadrattest mellom kolonnane i tabell 9.

	Vigrestad	Varhaug	Nærbø	Time	Bryne	Klepp
Vigrestad						
Varhaug	0,02*					
Nærbø	0,28	0,18				
Time	0,01*	0,53	0,06			
Bryne	0,78	0,08	0,43	0,03*		
Klepp	0,50	0,01*	0,10	0,04*	0,70	

Tabell 11. Bruk av /e:/ i *lege* hjå informantar frå Vigrestad, Varhaug og Nærbø.

	Vigrestad	Varhaug	Nærbø
Ofte	11	5	26
Av og til	4	3	18
Sjeldan	3	13	25
p-verdi		kjikvd.test	0,04*

Tabell 12. P-verdi for kjikvadrattest mellom kolonnane i tabell 11.

	Vigrestad	Varhaug
Vigrestad		
Varhaug	0,02*	
Nærbø	0,16	0,11

Analyse

I tabell 13 har eg nytta tilnærminga frå Sandøy (2013), kor ulike forklåringsmodellar vert stilte opp ved sida av kvarandre. Ein pluss markerer at modellen synest å kunne forklåre overgangen.

Tabell 13. Samsvar mellom utviklingsliner og forklåringsmodellar.

	/ɸj/ > /j/ > /g/	/dl/ > /ll/	/dn/ > /rn/	-/æ:r/ > /er/	/æ:/ > /e:/
Regional diffusjon (Stavangermål)	+	+	+	-	+
Standardisering (Standard austnorsk)	-	+	+	+	+
Språkintern forkl.	+	+	-	+	+

Regional diffusjon

For regional diffusjon verkar det naturleg å nytte Stavanger som spreiiingsentrum. Dette med grunnlag i kulturliv, administrasjon, næring, osv. Andre sentrum i området som Egersund vitjar ein langt sjeldnare, medan mindre byar som Bryne og Kleppe må seiast å liggje hierarkisk under Stavanger. Skulle ein nytte Bergen, som det vert gjort i Sandøy (2013), ville dette svekke modellen, då Bergensmålet ikkje har lenisering.

Det Stavangermålet ikkje forklårar er utviklinga til /æ:/-fonemet, som ser ut til å gå i retning av å verte halde føre /r/, medan mange nyttar /e:/ utan etterfylgjande /r/. Dette kan forklårast som Hårstad gjer for regional diffusjon i Oppdal, nemleg at språkbrukarar styrer unna det som vert oppfatta som spesielt markerte trekk (2005, s.100-101). I denne samanhengen må nok gjennomgåande bruk av /e:r/ reknast som eit slikt markert trekk for stavangerdialekt.

Det som ser ut til å vere det største problemet med å nytte regional diffusjon som forklåringsmodell, er resultatane av den geografiske undersøkinga. Om regional diffusjon skulle vere det leiande prinsippet i dialektutviklinga i området, skulle ein kunne ha venta ei spreing etter ein bølge- eller sprangmodell. Den tydelegaste geografiske trenden i resultatane er eit skilje mellom Vigrestad og Varhaug, medan Varhaug og Nærbø ser ut til å liggje nærare kvarandre. Vigrestad er altså det området som ser ut til å liggje fremst i regionaliseringa, til trass for at dette er den minste og sørlegaste av desse tre tettstadane. Resultatane frå dei nordlegare kommunane passar betre med modellen. Her er dei minst urbane områda (samanfatta som «Time») tydeleg dei minst regionaliserte.

Standardisering

Påverknad frå standard austnorsk kan, som geografisk diffusjon, forklare fire av fem utviklingsliner. Ein kunne gjerne trekkje dette lenger og påstå at /g/ ligg nærare denne standarden enn /j/, men om dette var den dominerande påverknadskjelda burde ein kunne vente overgang til uttale med /k/, noko som ikkje er tilfelle.

Språkintern forklåringsmodell

Om ein vil forsøke å finne språkinterne forklåringar på dei lydlege overgangane, let dette seg gjere for dei fleste. Skiftet frå palatal til velar i substantiv i bestemt form kan skuldast analogi frå den ubøyge forma. /dl/ > /ll/ er ein assimilasjon, og fører til enklare uttale, så vel som at /ll/ stemmer betre med venta sonoritet i rim. Utviklinga av /æ:/-fonemet kan også kallast ei forenkling, då ho på sikt kan føre til eit vokalsystem kor ein har like mange korte og lange

fonem. Vidare er kontrasten mellom /e:/ og /æ:/ relativt liten, slik at eit samanfall mellom fonema gjev større regularitet i språkssystemet utan at det hindrar kommunikasjonen. Utviklinga /dn/ > /rn/ kunne seiast å vere ein naturleg overgang grunna sonoritetsprinsippet, men at dette åleine skulle føre til overgangen verkar noko usannsynleg.

Kva peikar resultata mot?

I dette tilfellet verkar det tydeleg at éin forklåringsmodell åleine ikkje er tilstrekkeleg. Ingen av dei tre føreslegne modellane forklarar alle utviklingslinene på eiga hand, og det kan difor vere fruktbart å sjå på dei kvar for seg, samstundes som ein vaktar seg for å kome med for mange ad hoc-forklaringar.

/j/ > /j/ > /g/

Ifølgje Mange Oftedal er distribusjonen av palatalane «the most conspicuous feature between RJ [*rural Jæren*] and UJ [*urban Jæren*]» (sitert etter Sandvik, 1979, s.66, forklåringane i kursiv er mine). Sandvik siterer også Eirik Ueland, som i si utgreiing frå 1975 skriv at ein i sentrumsmålet på Nærbo har eller kan ha velar uttale kor denne frå gammalt av har vore palatal (1979, s.66). Sandvik konkluderer med at utviklinga nok skuldast påverknad frå Stavangerområdet. Når eg her særskild behandlar fonologien i bøyinga av substantiv i bestemt form, må også eit anna perspektiv takast med: «... palatal uttale i innlyd blir meir og meir borte. [...] Det er nok analogi-drivkrafta som fører til at palataliseringa blir borte: former som *bekk – bekkjen* blir til *bekk – bekken*» (Skjekkeland, 2005, s.72). Då vil det vere rimeleg at påverknaden nordanfrå har ført til at palatalisering av velarar i innlyd går ut av språket som allmenn regel, som vidare opnar for analogi i formverket. Her verkar det difor rimeleg å tale om ein samverknad av desse to faktorane.

/dn/ > /rn/

Då denne overgangen vanskeleg kan forklårast av språkinterne tilhøve, står me att med påverknad frå standard austnorsk og stavangermål, som begge kan forklåre utviklinga. Me har altså eit isomorfisk crux. Her vil eg nytte funna frå undersøkinga knytt til den geografiske fordelinga (som ikkje passar spesielt godt med Stavanger som utgangspunkt for spreiding) til å hevde at påverknad frå standard austnorsk er den beste forklåringa på overgangen.

/dl/ > /ll/

Dette er den einaste utviklingslina kor alle dei tre modellane kan fungere. Som i avsnittet ovanfor vel eg å nedvurdere rolla til stavangermålet. Ein assimilasjon synest her som ei rimeleg forklåring, men då det ikkje ser ut til å finnast nokon nemneverdig tendens til fonologisk forenkling i målføret (kanskje med unnatak av /ç/ > /ʃ/), synest denne forklåringa noko ad hoc. Då står påverknad frå standard austnorsk att som viktigaste kjelde til påverknad.

/æ:/

Utviklinga til /æ:/-fonemet ser tydeleg ut til å følgje mønsteret i standard austnorsk. Samstundes skal det merkast at dei formene som tydelegast ser ut til å utvikle seg i denne retninga, også utviklar seg i retning stavangermål, då dette er formene utan /r/ etter fonemet. Ein kan difor seie at sjølv om utviklinga ikkje følgjer mønsteret frå stavangermålet, bryt heller ikkje dei nye formene med dette. Den språkinterne forklåringa synest i ljøs av dette unaudsynleg, og standard austnorsk verkar som den tydelegaste påverknaden.

Diskusjon

Rapportert språkbruk

Nina Berge Rudi (1999, s. 74) syner til at ein i engelskspråklege kontekstar har gjort granskingar som gjer det rimeleg å ikkje stole på rapportert språkbruk. Ho siterer her Labov og Trudgill, som syner korleis prestisje, og det som vert kalla skjult prestisje, gjer at informantane svarer ut frå ynskt språkbruk heller enn faktisk språkbruk. Dette treng ikkje nødvendigvis vere sant i vårt tilfelle. Karen Margrethe Pedersen skriv om sjølvrapportering i Danmark, etter samanlikning med intervju at «den rapporterede språkbrug er korrekt eller i store træk korrekt» (sitert etter Røstad, 2002, s.197). Vidare syner Røstad (2002) til ei undersøking frå Bergen, kor sjølvrapporteringa var av varierende kvalitet, men kor det var tydeleg at fleire av informantane hadde ein klar metaspråkleg innsikt. Rudi syner vidare at den rapporterte språkbruken i undersøkinga hennar stemde godt med språkbruken i intervjuet. Språkbruken i undersøkinga mi er rapportert, noko som avgjort kompromitterer datakvaliteten. Då omfanget av oppgåva ikkje tillet det, vert ikkje den rapporterte språkbruken jamført med språkproduksjonen til deltakarane, og kvaliteten til datamaterialet må difor verte ståande som «usikker», men som eg vil syne seinare, langt frå ubrukeleg.

Om ein går ut frå at informantane har metaspråkleg innsikt, kan det likevel vere eit problem i det som vert kalla «paradokset åt observatøren», jamfør Sollid (2002), som handlar om at ein som observatør står i fare for å påverke svara ein får. Dette gjeld hovudsakleg det sosiolingvistiske intervjuet, men det kan også verke inn på mitt forsøk. Når deltakarane veit at dei er del av ei undersøking om dialektbruk, kan dette føre til eit ynske om å rapportere dialektale former, slik at ein ikkje «svik» heimstaden. Det kan au tenkjast at nokre av deltakarane veit at observatøren snakkar eit breitt jærmål sjølv, og difor ynskjer å rapportere breie former.

Det er nok likevel sannsynleg at den største feilkjelda i datamaterialet er skjult prestisje. Sjølv om mange ikkje snakkar spesielt breitt, er det ikkje positivt å bli stempla som «byas». Ei klasse hadde til og med ei «jærsk ordliste» på tre A4-sider hengande i klasserommet. Ein kan nok ta utgangspunkt i ei høg grad av medvit rundt språkbruk, men med denne skjulte prestisjen kan dette vere med på å gjere datamaterialet upresist. Kor vidt skjult prestisje gjer seg gjeldande blant språkbrukarane kunne gjerne vore undersøkt vidare.

Trass i alle moglege feilkjelder knytt til sjølvrapportering, trur eg at datamaterialet kan gje nyttige opplysingar. Denne undersøkinga fører ikkje til sikre opplysingar om punktet a i modellen frå folkelingvistikken (figur 1), men ho fører avgjort til sikre opplysingar om b1: kva folk seier om eigen språkbruk. Dette fortel oss nokså sikkert korleis informantane opplever si eiga dialekt, og ut frå trendar i dette vil eg hevde at er mogleg å trekkje konklusjonar om a. Til dømes kan det at nokre få informantar rapporterer om bruk av eit noko usannsynleg språktrekk, verte tolka i retning av at denne forma framleis finst i miljøet til informantane, om dei då ikkje bruker henne sjølv. Slik kan ein, i staden for å nytte sjølvrapporteringa til å seie noko om a, nytte sjølvrapporteringa til å seie noko om b1, som så får implikasjonar for a.

Val av ord

Eit par av orda kunne ha vore bytte ut. Ingen av orda burde ha fleire dialektale trekk enn det som skulle testast. For /æ:/ og /e:/ føre /r/ ville ikkje dette vere mogleg, men eg reknar rulle-r for å vere eit marginalt tilfelle i området. Orda *svær* og *stella* kunne difor vore skifte ut: *svær*

på grunn av svarabhaktivokalen og *stella* på grunn av a-infinitiven. Om ein hadde hatt ei større undersøking (med fleire ord), ville det vere mogleg å avgjere om informanten har desse språktrekka, og slik gjere nytte av ord som inneheld fleire variablar.

Regional diffusjon eller ikkje?

Bruken av regional diffusjon som forklaringsmodell kan sjå ut til å bere preg av kirsebærplukking. Kvifor skal dette vere eit førande prinsipp i utviklingslina /jj/ > /j/ > /g/, men ingen av dei andre? Her skal det for det første merkast at denne utviklingslina skil seg tydeleg frå dei andre: ho ser nesten ut til å vere ved vegs ende. Når regional diffusjon ser ut til å vere viktig i denne utviklinga, tyder ikkje det at ho framleis treng vere det. Når det allereie i 1975 var vanleg med velar uttale, kan utviklinga i vår tid forklårast som ei spreining innanfrå bygdene.

Skriftmål

I undersøkinga mi har eg valt å ikkje vurdere i kva grad påverknad frå skriftspråk kunne vere kjelde til endringane. I ei meir omfattande undersøking kunne dette vore ynskeleg, men eg har her halde skriftmåla utanfor, då skriftbiletet i både bokmål og nynorsk peikar mot same uttale som i standard austnorsk (med unnatak av at nynorsk nyttar «er» i staden for «ær» i t.d. «skjera»). Om eg hadde rekna med desse som forklaringsparametrar, ville endringstendensen framleis vere standardisering. Eg har difor halde skriftmåla utanfor undersøkinga, då eg ikkje ser dei for å vere føremålstenlege i dette prosjektet. Å inkludere skriftmåla som forklaringsmodellar for dialektendringar ville derimot vere nyttig i situasjonar kor desse skil seg frå andre modellar, eller kor ein gjennomfører undersøkingar som gjer det mogleg å stadfeste desse som årsaker til endringane.

Konklusjon

Eg les av resultatane mine at somme målmerke i jærmålet held seg betre enn venta, medan det tydeleg ser ut til å føregå endringar. Palatalisering av /g/ som hamnar i innlyd i substantiv i bestemt form står svakt i yngre jærmål. Den affrikate palatalen /jj/ kan i tilsvarende tilfelle reknast som tilnærma ikkje-eksisterande. Trass i dette ser han ut til å eksistere i det språklege medvitet til nokre av ungdommane. Segmentert /dl/ og differensiert /dn/ ser ut til å halde seg greitt i språket, sjølv om mange nyttar standardformer. /æ:/ held seg au greitt, og som venta tydeleg betre føre /r/. Utviklinga her ser difor ut til å stemme med mønsteret i standard austnorsk.

Alle utviklingstendensane går i retning av ei regionalisert dialekt. Likevel ser påverknad frå standard austnorsk ut til å vere den sterkaste kjelda til påverknad. Regional diffusjon ser i dag ut til å passe dårleg med det geografiske mønsteret, samstundes som denne forklaringsmodellen etter Sandøys omgrep ikkje kan kallast naudsynleg. Sjølv om regional diffusjon ikkje ser ut til å trengast som forklaringsmodell kan ein hevde at denne kan fungere som eit filter på standardiseringa, slik at denne regulerer kva språktrekk som vert tekne opp i dialektene. Går ein då i tillegg ut frå at språktrekk som vert oppfatta som markerte for regionsentrumet vert unngåtte utanfor sentrumet, står ein att med ein modell kor samverknad mellom regional diffusjon og standardisering tydeleg påverkar dialektene. Eit grunnleggjande problem med denne modellen er då at han eigentleg seier lite meir enn at bymåla ligg føre bygdemåla i standardiseringa. Eg vil difor hevde at standardisering ser ut til å vere den dominerande kjelda til påverknad på jærmålet. Dette gjer måla i området likare kvarandre, slik

at dei konvergerer og går mot ei regional dialekt. Ein kan då seie at det då føregår ei rural regionalisering i området.

Litteraturliste

- Akselberg, G. (2005). Talemålsregionalisering – modeller og røynd. *Målbryting* 7, 109-130.
- Akselberg, G. (2009). Er det fruktbart å applisera termen standardsspråk på norske talemålstilhøve?. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 27 (1), 67-78.
- Akselberg, G. (2008). Talevarisjon i Noreg. I Mæhlum, B., Akselberg, G., Røyneland, U., Sandøy, H., *Språkmøte: innføring i sosiolingvistikk* (2. utg., s.150-166). Cappelen Damm Akademisk
- Britain, J.D. (2010). Supralocal Regional Dialect Levelling. I Llamas, C. og Watt, D. (Red.), *Language and identities* (193-204). Edinburgh University Press.
- Dorian, N. (1993). Internally and externally motivated change in language contact settings: doubts about dichotomy. I Jones, C. (Red.), *Historical linguistics: problems and perspectives* (131-155). Addison Wesley Publishing Company
- Hårstad, S. (2005). Den problematiske regionaliseringen. *Målbryting* 7 (1), 89-107.
- Jonsbråten, B. H. (2021). *En fonoleksikalsk undersøkelse av fonemene /æ/ og /e/ i talemålet på Bryne* [Masteroppgave]. Universitetet i Bergen.
- Kerswill, P. (2002). Models of linguistic change and diffusion: new evidence from dialect levelling in British English. *Reading Working Papers in Linguistics* 6 (1), 187-216.
- Montgomery, C. og Cramer, J. (2016). I Montgomery, C. og Cramer, J. (Red.), *Cityscapes and Perceptual Dialectology* (9-24). De Gruyter Mouton
- Milroy, L. og Milroy, J. (1992). Social Network and Social Class: Toward an Integrated Sociolinguistic Model. *Language in society* 21 (1), 1-26.
- Mæhlum, B. (2002). Hvor går vi - og hvorfor? Et forsøk på å trekke noen store linjer i utviklingen av norsk talemål. *Målbryting* 6 (1), 67-92.
- Mæhlum, B. (2009). Standardtalemål? Naturligvis! En argumentasjon for eksistensen av et norsk standardtalemål. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 27 (1), 7-26.
- Preston, D. R. (2002a). Perceptual dialectology: aims, methods, findings. I J. Berns (Red.), *Present-day dialectology* (57-104). De Gruyter Mouton.
- Preston, D. R. (2002b). What is Folk Linguistics?. *Målbryting* 6 (1), 13-24.
- Rudi, N.B. (1999). Er det råd å stole på rapportert språkbruk?. *Målbryting* 2, 171-177.
- Røsstad, R. (2002). Å undersøke oppfatningar om endring og variasjon i eigen dialekt. *Målbryting* 6 (1), 191-200.
- Salte, T. (2021). «... ikkje for breitt, men ikkje for pent heller»: *Ei sosiolingvistisk gransking av yngre talemål på Bryne* [Masteroppgave]. Universitetet i Stavanger.
- Sandvik, O.H. (1979). Talemålet i Rogaland: i går, i dag og i morgon. Om uttale, bøyning og ordtilfang i Rogalandsmålet. Rogalandsforskning. Stavanger.
- Sandøy, H. (2009). Standardtalemål? Ja, men ...! Ein definisjon og ei drøfting av begrepet. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 27 (1), 27-48.
- Sandøy, H. (2013). Driving forces in language change – in the Norwegian perspective. I Kristiansen, T. og Grondelaers, S. (Red.) *Language (De)standardisation in Late Modern Europe: Experimental Studies* (125-152). Novus Press Oslo.
- Skjekkeland, M. (2005). Dialekter i Noreg. Høyskoleforlaget.
- Sollid, H. (2002). Om observatørens paradoks. *Målbryting* 6(1), 175-190.
- Ulset, K. A. V. (2002). Urbanisering som forklaringsfaktor i talemålsutviklingen. *Målbryting* 6 (1), 201-216.
- Vannebo, K.I. (2001). Om Begrepene språklig standard og standardisering. *Språk i Norden/Sprog i Norden 2001* 32(1), 119-128.

Vikør, L.S. (2009). Begrepet standardtalemål – forsøk på ei opprydding. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 27 (1), 49-66.